



Covid-19 Prosedyre for besøk på institusjon

Formål:

- Forebygginge smitte av Covid-19 inn på Øystre Slidre helsetun
- Tilrettelegge for at bebuarar på institusjon kan få besøk på sitt rom og at besøket blir gjennomført i tråd med dei nasjonale smittevernsråda.

Omfang/virkeområde

- Prosedyra gjeld for alle bebuarar ved avdelingane Juvike, Midthøgde og Smørkøll, deira pårørande og eventuelt andre besøkande.

Ansvar:

- Leiinga i institusjon og heimebaserte tenester er ansvarleg for å informere alle tilsette, bebuarar og næraste pårørande om tiltaka og prosedyra.
- Dei besøkande er ansvarleg for å rette seg etter prosedyra.
- Dei tilsette skal vera kjend med og sørge for at prosedyra blir fulgt.
- Prosedyre er utarbeida etter nasjonale råd og i samråd med tilsynslege Oddgeir Daling Stornes. Prosedyra kan bli endra på kort varsel ved endring i nasjonale råd.

I forkant av besøk

- Den besøkande skal kontakte Helstunet på telefon nr. 613 42 870 mellom klokken 08:00 og 14:30 minimum ein virkedag før besøksdag, for å avtale tidspunkt for besøket. Besøk på helg bør avtalast seinast fredag. Den besøkande kan ønske seg eit tidspunkt for besøket, men tilsett ved sjukeheimen avgjer når besøket kan gjennomførast med bakgrunn i:
 - ➔ Kapasitet ved avdelingane; i forhold til at personale skal ha kapasitet til å ta imot besøkande å følgje dei til pasientrom.
- Dei besøkande får følgjande spørsmål når dei ringar for å avtale besøkstid:
 - ➔ Kven skal koma på besøk (**maks tre personar**)
 - ➔ Har dei luftvegssymptom eller feber, eller har dei nyleg hatt dette?
 - ➔ Har dei vore i kontakt med personar som har kjend smitte av Covid-19?
 - ➔ Besøkande skal forberedast på gjeldande rutiner og at smittevernsråd blir fulgt
- I kvar enkelt tilfelle skal tilsette gjera ei individuell vurdering på om besøket kan bli gjennomført med bakgrunn i: (dette vil tilsette orientere om når dei møter dykk i døra).
 - ➔ Bebuars helsetilstand

- Besøkande sin helsetilstand, dersom dei har eller nyleg har hatt luftvegssymptom eller feber så skal dei ikkje komma på besøk.

Pårørande eller andre som er i [heimekarantene](#) eller har luftvegssymptom, skal ikkje koma på besøk.

Under besøk

- Besøkande møter ved hovedinngangen til Helsetunet.
- Det skal førast protokoll med tidspunkt, navn og telefonnummer for alle besøkande.
- Det er viktig at alle besøkande utfører handhygiene ved ankomst, også ved besøk utandørs. Besøkande skal bruke munnbind til og frå bebuars rom.
- Besøkande skal gå direkte til og frå rommet og ikkje opphalde seg i fellesarealer.
- Besøkande skal halde minst 1 meters avstand til bebuar, tilsett og andre pasientar/bebuarar enn den dei besøker. Dei tilsette må sørge for at andre bebuar ikkje er til hinder for å overhalde dette.
- Pasientar/bebuarar kan ta imot gåver, blommar og liknande. Det er ikkje behov for spesielle forhåndsregler, men viktig å følge [generelle råd for handhygiene](#), då dette vil forebygge indirekte kontaktsmitte.
- Hvis besøkande har med mat skal alle utføre handhygiene før maten serverast og inntas. Besøkande skal ikkje nytte kjøken i institusjonen. Dei skal ikkje nytte kaffeautomat i korridor. Tilsette kan servere kaffe om dei har kapasitet til det.
- Når dei besøkande skal reise skal bebuar ringe på alarmen og dei besøkande skal vente på rommet til tilsett følgjer dei ut.
- Pasient/bebuar skal utføre handhygiene når dei besøkande forlet rommet.
- Besøkande må informerast om at dei ved symptom på covid-19 med påfølgande prøvetaking, skal opplyse om at dei har vore på besøk i institusjonen som del av smitteoppsporinga.

I etterkant av besøk

Alle felles berøringspunkt i rommet kor besøket foregår (eks. dørhåndtak, armlener, brytere, toalett), må reingjerast eller desinfiserast etter besøket.

- Tilsette skal rettleie/hjelpe bebuar med å utføre handhygiene
- **Besøk dokumenteres i pasientjournal**

(Rev. 09.02.2021)

Oddgeir Daling Stornes, Tilsynslege Øystre Slidre helsetun